
Arkivsak-dok. PLAN-20/00008-8
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Gnr 44 bnr 6 og 11 - Mindre reguleringsendring planid nr 0072 (Rv1 Remmem - Vestnes kyrkje) - Offentleg ettersyn

Administrasjonssjefen si innstilling:

1. I medhald av PBL §§ 12-11 og 14 vedek planutvalet å legge mindre endring av reguleringsplan Rv 1 Remmem – Vestnes Kyrkje ut til avgrensa offentleg ettersyn, jf plankart av 31.03.2020 og oversendingsbrev datert 02.04.2020.
2. Frist for merknader vert sett til 10.juni 2020

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Oppstart av arbeidet med endring av reguleringsplanen vart godkjent i planutvalet den 09.02.2015. Bakgrunnen var at grunneigerane på gnr 44 bnr 6 og 11 i Remmemsbukta ønska å utnytte sine areal i samsvar med planen, men at dette ikkje lenger let seg gjere. Planen er frå 1994 og kom i stand i samband med nybygging av Rv 1 (no E39). I planen var det vist ein veg (T4) som tilkomstveg til øvre del gnr 44 bnr 6 og 11. Denne vegtraseen kan pga planens alder ikkje lenger realiserast gjennom ekspropriering, er uønska av grunneigarane lenger nord og av kommunen også vurdert som ei dårleg løysing. Dette særleg med tanke på det regulerte krysset med Skulevegen, i relativt bratt bakke og skarp sving. Planutvalet har derfor vore positiv til å finne andre vegløyningar, både til gnr 44 bnr 6 og 11 og andre eigedomar i Remmesbukta.

Vurdering

Planutvalet har tidlegare bestemt at mindre endringar av reguleringsplan skal behandlast politisk. Dersom ikkje eventuelle konflikter er for store, kan denne planendringa etter adm.sjefen si vurdering behandlast som mindre reguleringsendring. Med tanke på at endringa likevel involverer relativt mange eigedomar, vurderer adm.sjefen det som viktig også i det vidare arbeidet med ein god medverknadsprosess og rår til at endringsforslaget blir lagt ut til eit avgrensa offentleg ettersyn. Dette med sikte på endeleg behandling i planutvalet sitt junimøte.

Grunneigarane på gnr 44 bnr 6 og 11 har jobba lenge med planforslaget i samarbeid med konsulentar og i samråd med Tekniske tenester i kommunen. Tekniske tenester har mellom anna bedt grunneigarane vurdere anna vegtilkomst til øvre del av feltet, med utgangspunkt i eksisterande veg til gnr 44 bnr 11. Dette har grunneigarane gjort, men konkludert med at dette gir for store terrenginngrep og blir lite praktisk. Adm.sjefen er nøgd med at tiltakshavarane har undersøkt dette alternativet og støttar konklusjonen.

Planendringsforslaget omfattar ein mindre del av planid 0072, endrar ikkje hovudtrekka i planen og grip ikkje inn i viktige natur- eller friluftsområde. Endringa består i prinsippet av flytting av grenser mellom fomåla bustader, vegar og leikeareal, som følge av endra tilkomst til delar av gnr 44 bnr 6 og 11. Så langt er det ikkje registrert store konflikter.

Tiltakshavarane har imøtekome merknader til planendringa så langt som råd, men ikkje funne grunnlag for å imøtekome ønsker om t.d. støytiltak. I tillegg legg adm.sjefen til grunn at merknader som gjeld faren for uønska overavtn må kunne taklast ved god teknisk planlegging og gjennomføring, slik at ikkje dette medfører uforholdsmessige ulemper for tilliggande eigedomar.

Eigedomane som grensar til tilkomstvegen T2 vil over tid måtte rekne med meir trafikk etter kvart som feltet blir utbygd. Dette sidan planendringa medfører at tilkomstvegen skal betjene fleire tomter (9 nye + 1 eksisterande tomt) enn den opphavlege planen viste (3 nye tomter). På den andre sida blir starten av veg T2 frå Remmingsvegen og vestover kommunal og får fast dekke. Dette må reknast som ein liten fordel, sjølv det ikkje kompenserer fullt ut for framtidig auka trafikk. I sum vurderer likevel adm.sjefen at ulempene er innanfor tolegrensa og kva ein må pårekna av utvikling i eit såpass sentrumsnært område, der ein skal hushaldere med arealressursane.

Vedlegg

Gnr 44 bnr 6 og 11 - Godkjenning av alternative tilførselsvegar - Reguleringsendringar

Gnr 44 bnr 6 og 11 - Reguleringsendringar

Gnr 44 bnr 6 og 11 - Utbygging av bustadtomter

Gnr. 44 bnr. 6 og 11 - Oppstart endring av reguleringsplan

VARSEL OM REGULERINGSPLANENDRING I VESTNES KOMMUNE.msg

Kunngjering med kartutsnitt 27.01.2020.pdf

Oversending av planendringsforslag etter oppstartshøyring med høyringsfrist 1. mars 2020..msg

Oversendingsbrev til Vestnes kommune etter oppstartshøyring i 2020.pdf

1. Plankart. Justert pr. 31.03.2020.pdf

2. Reguleringsføresegner Gnr.44,6 og 44,11. Versjon 02.04.2020.pdf

3. Fråsegn frå Statens vegvesen.pdf

4. Støyvurdering. Merknadsvurdering til SVV.pdf

5. Fråsegn frå fylkesmannen ved varsel om oppstart.pdf

6. Utfylte sjekklister til ROS-analyse. Samfunnstryggleik i høve PBL og klimatilpassing.pdf

7. Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune.PDF

8. Oppstartinnspel frå 44,51pdf.pdf

9. Førebels svar til Gnr.44,51.pdf

10. Oppstartinnspel frå 45,7pdf.pdf

11. Oppstartinnspel frå 44,34pdf.pdf

12. Oppstartinnspel frå 45,18pdf.pdf

13. Svarvurdering på krav om vegomlegging frå Gnr.45,18.pdf

15. Svarvurdering på krav frå Gnr.45,18 om støy og ulempe frå nord.pdf

16. Lengdeprofil SKV-2 og SKV-3).pdf

17. Tverrprofil veg skv-2.pdf

18. Tverrprofil veg skv-3.pdf

Særutskrift:

Etter adresseliste